

STATUSRAPPORT



NRK Nynorsk mediesenter

19. 12. 2019

Vi har lært opp 155 nynorskpraktikantar sidan starten for 15 år sidan, og 58 prosent av dei arbeider i media. 40 prosent er i NRK. 13 prosent arbeider med avis/nett og fire prosent i andre media. Vel 18 prosent arbeider med informasjon, språk og reklame.


2019 kan bli eit historisk år om NRK for fyrste gong når målet om minst 25 prosent nynorsk, etter snart 50 år med det som eit klårt krav. Bilete over er av nynorskpraktikantane og NRK FleRe på besøk hjå kringkastingssjefen.

Viktig med drahjelp frå toppen

- Utan den drahjelpa vi har fått frå kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen, trur eg det ville vore vanskeleg å nå målet om minst 25 prosent nynorsk i NRK, også i år. Men no er vi optimistar. Ved utgangen av november har vi 25,2 prosent, men vi vågar ikkje å sleppe jubelen laust før tala for desember syner det same, seier fungerande språksjef Ingvild Bryn.

NRK ligg altså godt an til å nå målet om 25 prosent nynorsk i 2019. Det vil i så fall vera for fyrste gong sidan det vart slått fast i ei stortingsmelding i 1970: «Hovedregelen må være å gi nynorsken en plass som i det minste svarer til en fjerdedel av ordsgivingene.» For 50 år sidan var det berre det talte ord i NRK.

NRK ligger innenfor målet, per november 2019



- No har vi også nettet. Fleire distriktskontor har i år sett seg klare mål for å få meir nynorsk på nettet, og det har gjeve resultat. Det er også viktig at kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen har vore klar i sine ambisjonar om at 2019 skal vera året vi når målet frå 1970. Han har teke dette opp ved fleire høve, og han har sjølv vist at han kan skriva nynorsk, både i kronikk i Aftenposten og internt i NRK, seier fungerande språksjef Ingvild Bryn.

Ny språksjef i februar

Noverande redaktør for Nynorsk Pressekontor, Karoline Riise Kristiansen (41), er tilsett som ny språksjef i NRK. Ho byrjar i jobben 3. februar 2020. – NRK er det største og viktigaste mediehuset i Noreg, også når det gjeld språk. Eg takkar for tilliten og gler meg til å jobbe saman med alle dei flinke folka i NRK over heile landet, seier den påtroppende språksjefen til NTB.



- Det har vore eit eventyr

Kull 31 med nynorskpraktikantar byrja på opplæringa i Førde 19. august og er no klar for ekstern praksis frå nyttår og ut februar. Elias Håvarstein (23) skal ha praksis i NRK Rogaland, Oda Elise Svelstad (26) i Kulturnytt, Hans Ivar Moss Kolseth (24) i NRK.no, Lars Volldal (32) i NRK Sogn og Fjordane og Vilde Gjerde Lied (24) i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende.



Elias Håvarstein: - *Tida som praktikant har vore eit eventyr! Ein kan trygt seie at horisontane mine har blitt utvida. Eg har lært kor viktig det er å fortelje den enkelte sine historier, og kva folk bryr seg om. I tillegg har eg fått ei djup interesse for journalistikken, både i det faglege og i det kreative som ligg i faget. Eg må òg seie eg har fått eit nytt forhold til språk og identitet gjennom alt eg har lært og alle eg har fått møte i løpet av tida på mediesenteret. Det har vore eit heilsprøtt og spanande køyr i Noreg sitt finaste vakraste fylke (kvil i fred)!*

Oda Elise Svelstad: - *Eg har aldri hatt ein så opplevingsrik haust som det eg har hatt desse siste fire månadane. Arbeidsdagane har vore varierte, lærerike, morosame, slitsame, men ikkje minst latterfylte frå dag éin. Eg har fått vore med på alt frå tv- og radioproduksjon i Flåm til lange dagar på desken, og Sogn og Fjordane kjem for meg alltid til å vere det vakraste fylket i Noreg.*


Lars Volldal: - *I løpet av fire månadar har eg lært meir enn i løpet av fleire år i arbeidslivet og fleire år på universitetet. Her har eg lært meg grunnleggande journalistisk metode på alle dei tre viktigaste plattformene. I tillegg lærer me foto, redigering og får del i eit lærerikt og inspirerande arbeidsmiljø.*

Vilde Gjerde Lied: - *Månadane som praktikant har vore grensesprengande og definerande. Vi har fått mykje tillit, og gjort det meste som vi syntest var for skummelt då vi starta. Når eg ser tilbake på det, har vi gjennomført alt vi blei kasta ut på veldig bra, mykje fordi vi har hatt dyktige, trygge og hjelsame folk rundt oss heile vegen. Mediesenteret har gitt meg dei verktøya eg treng for å bli ein god journalist, på alle plattformar. Eg visste lite om kva eg gjekk til før eg kom, men kan ta med meg vidare erfaringar som vil vere avgjerande for vegen vidare.*

Hans Ivar Moss Kolseth: - *Valet om å bli nynorskpraktikant i Førde er eitt av dei beste eg har gjort . Vi fikk svært god trening i journalistisk formidling på nett, TV, radio og sosiale medium. Redaksjonsmiljøet i NRK Sogn og Fjordane er fagleg sterkt og hyggjeleg. Som praktikant har eg fått jobbe med utfordrande og viktige saker på alle plattformar.*

Kull 32 med nynorskpraktikantar

Dei fem nynorskpraktikantane kjem frå Telemark, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Fire kvinner og ein mann. Det var 31 søkjrarar og ti var inne til intervju, språk- og studiotest. Dei skal byrje på opplæringa i Førde 6. januar 2020.



Astrid-Amalie Hetland (1999), frå Sviland, Sandnes kommune, Rogaland.

Odelsjente med agronomutdanning frå vidaregåande og arbeider no som avløysar og i butikk. Ho er framleis nynorskbrukar, trass i eit sterkt bokmålspress både på ungdomsskulen i Sandnes og i den vidaregåande skulen på Sørlandet. Ho er aktiv i Speidaren og har dei siste tre åra vore med i redaksjonsnemnda for medlemsbladet deira.

Trine Svanholm Misje (1993), frå Byrknesøy, Gulen kommune, Sogn og Fjordane. Nett ferdig med faget praktisk inf. arbeid ved Universitetet i Bergen, med praksis i Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetssikring i høgare utdanning. Ho har ein master i off. adm. Misje har elles studert helseøkonomi, miljø- og ressursøkonomi og europastudiar. Då ho tok BA-grada i adm. og org. vitskap var ho utvekslingsstudent ved University of Queensland i Australia.

Sjur Mikal Dolve (1999), frå Tørvikbygd, Kvam kommune i Hordaland. For tida i fyrstegongsteneste i Militærpolitikompaniet i Bardufoss. Han har lenge visst at han vil bli journalist og dei siste tre åra har han vore ferievikar og ekstrahjelp i

Hardanger Folkeblad, der han både skriv og fotograferer. Dolve er ein overtydd nynorsking og fekk sansen for radio alt då han gjekk på ungdomsskulen og hadde arbeidsveka si i NRK P3 på Marienlyst.

Guro Brattespe Lahus (1993), frå Bø i Telemark. BA i medievitskap ved Universitetet i Bergen. Har frå før utdanning som grunnskulelærar frå NTNU i Trondheim. Ho har arbeidd ti sesongar ved Sommarland i Bø, fem av dei som avdelingsleiar. Guro Brattespe Lahus er med i Bergen Student-TV, der ho har fått røynsle med å bruk av kamera og redigering.

Emiliy Louisa Millan Eide (1993), frå Ulsteinvik i Møre og Romsdal. Ho er tilkallingsvikar og fotograf i Vikebladet Vestposten i Ulsteinvik. Har arbeidd for avisasidan 2011. Eide har ein BA i einkamera TV-regi frå Høgskulen på Lillehammer. Der hadde ho regi og skreiv manus til fem dokumentarar, var reporter på nyhendesaker og laga videoar for sosiale medium. Vidare har ho gått på Odder folkehøgskule i Danmark på lina for film- og tv-produksjon. Ho har studert hebraisk i eit år på ein språkskule i Israel og vore utvekslingselev i Bristol, England, andre året på vidaregåande.

Fem fast tilsette som journalistar

I 2019 har fem tidlegare nynorskpraktikantar fått seg fast arbeid som journalistar, og ein har vorte utanrikskorrespondent i Berlin. Det er **Roger Sevrin Bruland**.

Dei fem med fast tilsetting er **Hans-Olav Rise**, frontsjef i **Vårt Land**, **Bjørn Ivar Voll**, journalist i **Nynorsk Pressekontor**, **Fredrik Helland**, journalist i **NRK Sogn og Fjordane**, **Tonje Noreng Trøen**, journalist i **Firda** og **Ragnhild Bjørge**, redaksjonssjef for nettavisa **Khrono**. Dette er same talet fast tilsette journalistar som i 2018.

Fire har fått fast arbeid i informasjons- og rådgjevarbransjen. Thomas Brakstad i Brann, Gunn Evy Auestad i Haugalandet kraft, Aleksander Båtnes i Røde Kors i Trøndelag og Sigrid Sørungsgård Botheim i Språkrådet. Dette er dei tre siste som har fått seg fast arbeid:

Fredrik Johan Helland (29) – journalist i NRK**Sogn og Fjordane**

- Eg gler meg veldig til å kome tilbake til NRK. Eg har sakna livet på vegen og på desken. Det er litt spesielt at eg ikkje kjem tilbake til NRK Sogn og Fjordane, men til NRK Vestland! Veldig glad for å få fast stilling, det spelte ei avgjerande rolle for meg, seier Fredrik Helland som var nynorskpraktikant våren 2018.

**Tonje Noreng Trøen (27) – journalist i Firda**

– Det å få lov til å stå opp om morgonen og gå til ein fast jobb i Firda er ikkje noko å ta for gitt. Mange i same bransje lever med ei stadig uvisse om kva dei driv med om nokre månader eller til og med veker, slik som eg sjølv gjorde for eit år sidan. Nynorsk mediesenter har gjeve meg ei solid utdanning, meistringstru, og ja, ført meg inn i ein fast jobb på kort tid. Eg har fått trygge rammer og får lov til å jobbe med det eg likar aller best; journalistikk, seier Tonje Noreng Trøen, som var nynorskpraktikant våren 2019.

**Sigrid Sørumgård Botheim (34) – rådgjevar i Språkrådet**

Sigrid Sørumgård Botheim fekk fast jobb i Språkrådet denne veka, etter å ha vore vikar der eit års tid. Ho er tilsett som seniorrådgjevar i seksjonen for språk i skule og offentleg forvalting. Botheim var nynorskpraktikant våren 2017 og har arbeidd i Kulturnytt, NRK Telemark og Språkrådet etterpå.

(Foto: Gunnhild Wiggen)



Årets unge radioprofil



Arianrhod Engebø (25) vart kåra til «Årets unge radioprofil» i Prix Radio under Radiodagane i september. Ho har hatt sitt eige program på NRK P3 med tittelen «Arian» sidan våren 2019. – Først må eg takke Nynorsk mediesenter, som er grunnen til at eg står her, sa Arianrhod Engebø då ho fekk prisen. Vidare takka ho P3-leiinga for å ha satsa på henne.

Juryen skriv i fråsegna si at dei ventar seg mykje av Arian. – Det blir god stemning der ho er, både i studio og som reporter. Ho har god intervjuTeknikk og viser at ho elskar radio og radiofaget, sa juryen. Sjølv fortalte Arian at P3 er grunnen til at ho ville byrje i radio. – Difor er det ei stor ære å ta i mot ein pris og arbeide saman med dei flinke folka i P3, sa Arianrhod Engebø.

Men ho er framleis berre mellombels tilsett i NRK. Arianrhod Engebø var ferdig som nynorskpraktikant våren 2018. Ho har vore vikar i mP3 og NRK P3 på Tyholt etterpå.

Journalistpris til Asgeir Heimdal Reksnes

På årsmøte i Norsk Journalistlag Sogn og Fjordane fekk Asgeir Heimdal Reksnes presseprisen for årets nyheitssak. Han er journalist i NRK Sogn og Fjordane og saka handla om «Vegmilliardar til minibygder». Reksnes var nynorskpraktikant i 2006 og har arbeidd i NRK Sogn og Fjordane etter det, med base i Nordfjord.

I juryen sat Ingvill Drægni, TV 2, som var leiar. Ho hadde med seg Jens Kihl, Bergens Tidende og Birgitte Vaksdal, Bergensavisen. Juryen sa dette:



Årets nyheitssak er ei sak som angår mange. Bur du på Vestlandet er du vant til ras og å leve med frykta for dei. Mange krev meir pengar til veg, men korleis blir desse midlane eigentleg brukt? Saka «Vegmilliardar til minibygder» set fokus på nettopp det. Dette er ein svært godt løyst nyheitsfeature som set eit kjent sakskompleks i perspektiv. Journalisten viser tradisjonell gravande journalistikk av høg klasse og eit solid arbeid med innhenting av data, noko som får fram nye tal: 3,7 milliardar kroner til totalt 600 menneske i avsidesliggjande bygder. Saken er godt gjennomarbeidd, journalisten set problemstillinga godt opp og har jobba fram eit veldig godt case. Heile saka er særskilt godt formidla med ein god penn og nydeleg digital historiefortelling.

På farten med nynorsk



Faglærar Rune Fossum Lillesvangstu (biletet) og Noralv Pedersen har hatt over 200 journalistar på nynorskkurs sidan dei starta med slike kurs. Dei held fram arbeidet med å inspirere journalistar til å skrive betre nynorsk.

– Det er alltid kjekt å møte engasjerte journalistar og snakke om nynorsk. Språket er jo kanskje det viktigaste arbeidsverktøyet vårt, seier Noralv Pedersen og Rune Fossum Lillesvangstu.

Det som starta opp som eit prøveprosjekt har no enda opp med å vere eit internt kurstilbod for heile NRK. Kurshaldarane har mellom anna vore innom Bergen, Drammen, Lillehammer, Porsgrunn, Trondheim, Stavanger og Ålesund – i tillegg til ulike redaksjonsmiljø på Marienlyst. Målgruppa for kurset er såkalla «sovande nynorskbrukarar», bokmålsbrukarar på NRK.no og andre nettredaksjonar og nynorskjournalistar som treng oppfrisking av målforma si.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 1. desember 2019 har vi sendt frå oss 155 nynorskpraktikantar, og 58 prosent av dei arbeider i media. 40 prosent arbeider i NRK. 13 prosent arbeider med avis/nett og fire prosent i andre media (TV 2, Radio 1 og frilans). Utanom media arbeider vel 18 prosent med informasjon, språk og reklame.

Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, NRK Super, NRK P3, Ekko i P2, Norgesglasset, Kveldsåpent og Nattraadioen i P1.

Vidare er det tidlegare praktikantar ved distriktskontora i Finnmark, Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Telemark, Buskerud og Oppland.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som til dømes er nyhendeanker i TV2, nyhenderedaktør i Nationen, frontsjef i Vårt Land, og journalistar i VG, Vest-Telemark Blad, Bergens Tidende, Møre-Nytt, Telemarksavisa og Drammens Tidende.

Andre arbeider med språk, informasjon, rådgjeving og reklame i til dømes: Språkrådet, Allkunne, Valdirektoratet, Røde Kors, Barne- og familiedepartementet, Forbrukarrådet, Noregs Ungdomslag, PR-operatørene, osv.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

KULL 30: 3. januar – 30. juni 2019



Tonje Noreng Trøen (1992) fast tilsett som journalist i Firda, **Ragnhild Voreland** (1995) presse- og informasjonsoffiser på Haakonsvern, **Idunn Lavik** (1995) vikar i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende, **Ola Weel Skram** (1991) vikar i NRK Sogn og Fjordane og **Magnus Helle** (1995) har i haust vore vikar i Dokumentar og samfunnsavdelinga i NRK og arbeidd med prosjektet «Trigger Warning». Frå nyttår er han ein del av «vinterlaget» i NRK Sport.

Kull 29: 20. august 2018 – 28. februar 2019



Ida Yasin Andersen (1992), er vikar i NRK Hordaland. **Birgitte Vågnes Bakken** (1993) og **Elise Kvien** (1996) er begge vikarar i NRK Nyhende. **Solveig Nyhus Aksnes** (1995) er vikar i NRK Møre og Romsdal og **Ingvild Eide Leirfall** (1993) er vikar på nettstaden Framtida.no.

Kull 28: 3. januar – 30. juni 2018



Anders Martin Helle (1994) er vikar i NRK Buskerud. **Turid Astrid Reksten** (1983) er feltprest i Forsvaret. **Sigrid Sivertsen Haugan** (1994) studerer arabisk ved Universitet i Oslo. **Bente Kristin Rundereim Kjøllesdal** (1990) er journalistvikar på nettstaden Framtida.no. **Fredrik Johan Helland** (1990) byrjar frå nyttår av i fast stilling som journalist i NRK Sogn og Fjordane.

Kull 27: 21. august 2017 – 28. februar 2018



Arianrhod Engebø (1993) er programleiar for P3-programmet «Arian» i P3 på Tyholt. **Synne Ulltang** (1989) studerer koreansk i Sør-Korea. **Borghild Andersdotter Vevle** (1993) er forskulelærar. **Linda Watten** (1994) er student og frilansar for Porten.no. **Ådne Sandvik Dyrnesli** (1993) er vikar i NRK Hordaland.

Kull 26: 4. januar – 30. juni 2017



Aleksander Båtnes (1992) er inf.medarbeidar i Trøndelag Røde Kors. **Wibeke Bruland** (1984) er fast tilsett i NRK Finnmark. **Snorre Sandemose** (1983) er guide og lærar i Bergen. **Sigrid Sørumgård Botheim** (1985) er rådgjevar i Språkrådet og **Espen Breivik** (1992) er vikar i VG-TV.

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. 10 praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiari: Magni Øvrebotten

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiari: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Åtte-ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avis Firda i Førde. Leiari: Kjell Ove Nordeide.

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Søkjrarar som søker begge opplæringane vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge må dei sjølve velje kvar dei vil gå. Sams søknadsfristar 15. april og 15.oktober.



Markering av 15-årsdagen til NRK Nynorsk mediesenter 2. september 2019, med eit utval tidlegare og noverande praktikantar og lærarar. Framme frå venstre: Erlend Blaalid Oldeide, Elias Håvarstein, Vilde Gjerde Lied, Magni Øvrebotten, Stine Kyrkjebø Johansen, Oda Elise Svelstad og Tonje Noreng Trøen. Bak frå venstre: Wilhelm Støylen, Arild Nybø, Rune Fossum Lillesvangstu, Brit Jorunn Svanes, Raymond Lidal og Asgeir Heimdal Reksnes. Foto: Arne Stubhaug

God jul og godt nyttår!